



Fri-idrettsjungen er klar for treningsøkt saman med trenarane Margunn Eik og Jostein Saghaug.

I kveld var 7 ivrige fri-idrettsungdommar samla til trening på Heio saman med trenarane Jostein Saghaug og Margunn Eik. Første mål for nokre av dei er Hardanger Friidretts-Festival i Strandebarm neste helg. Fredag er fast treningskveld. Då møtest dei kl. 17.30, og det vil dei gjere gjennom heile sommaren. - Det er god plass til fleire, og vi vil svært gjerne ha fleire med, seier dei to trenarane.

Jostein fortel at stemnet i Strandebarm er svært familievennleg, og det vert konkurrert i alle klassar frå 7 år og opp til veteranar i høg alder. - Dessutan har dei eit kjempeflott anlegg, legg han til.

Katrine Saghaug var med i fjor. Kor mange det vert i år, har ikkje trenarane full oversikt over då dei ikkje har fått inn alle påmeldingane. Det pleier å vera svært god deltaking. Deltakarane kjem i hovudsak frå heile Hordaland fylke, men sidan det er ferietid, kjem det og deltakarar frå andre deler av landet.

Eg gjentar gjerne påminninga om at dei ønskjer fleire på friidrettstreningane. Det er for dei som skal byrja i 6.klasse til hausten og eldre. Friidrettstreninga gjev og eit godt grunnlag for dei som primært driv andre idrettsgreiner.

Av: Thor Inge Døssland